



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
11.02.2020	14603/2020	Tor Harald Hustad

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kontrollutvalet	19.02.2020
	Fylkestinget	20.04.2020

Rapport frå selskapsgjennomgang i Vegamot AS - Oppfølging av bompengeselskapet

Bakgrunn

Fylkeskommunen mottok brev datert 25. oktober 2019 frå Samferdselsdepartementet, der eigarane i dei regionale bompengeselskap blir oppmoda til å gjennomføre eksterne selskapsgjennomgang med bompengeselskapa. Bakgrunnen for oppmodinga er fleire uheldige funn i rapport frå selskapsgjennomgang av bompengeselskapet Fjellinjen AS. I tillegg blir det i brevet vist til mediaomtale av ulike forhold i andre bompengeselskap, deriblant Ferde AS.

- **Vedlegg 1: Brev frå Samferdselsdepartementet av 25. oktober 2019**

Fylkesutvalet kom også gjennom sitt vedtak i møte 28. oktober 2019 med ei oppmoding til kontrollutvalet om å gjennomføre kontroll med bompengeselskap der fylkeskommunen har eigarinteresser i. Vedtaket går fram under:

«Fylkesutvalet er uroa over forholda som er avdekt i Ferde AS og andre bompengeselskap, der transaksjoner mellom nærstående og deling av mogleg sensitiv personinformasjon med andre utan tilstrekkeleg lovheimel.

Fylkesutvalet oppmodar difor kontrollutvalet, og gjerne i samarbeid med fylkesrådmann og andre fylkeskommunar, om å gjennomføre ein kontroll med bompengeselskap der Møre og Romsdal fylkeskommune har eigarinteresse. (MIN UTHEVING) Det er avgjerande at brukarane har tillit til slike selskap som forvaltar store verdiar på vegne av fellesskapet.

Fylkesutvalet sluttar seg samrøystes til saka.»

I gjeldande reglementet for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, går det fram at kontrollutvalet på vegne av fylkestinget skal stå føre det løpande tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga.

I reglementets sitt pkt 3.5 «Andre oppgåver» står følgande:

I tillegg til lovpålagde revisjons-, kontroll og tilsynsoppgåver kan kontrollutvalet iverksette undersøkingar og granskingar av fylkeskommunal verksemd på eige initiativ (Mi utheving), eller etter vedtak i fylkestinget. Kontrollutvalet fastset mandat og omfang, og gjer val om eventuell utførar.

I reglementet sitt pkt 3.7 Informasjon og rapportering kjem følgande fram:

Som ledd i det førebyggjande arbeidet skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon om arbeidet sitt, både innerter i fylkeskommunen og utetter til allmenta.

*Kontrollutvalet skal legge vekt på å vere løysingsorientert og medverke til dialog og læring i organisasjonen. **Kontrollutvalet skal ha ein aktiv dialog med fylkestinget, og skal fremje aktuelle saker og rapportar til behandling og ta initiativ til å få satt fokus på aktuelle tema (Mi utheving).***

Med grunnlag i dette beslutta kontrollutvalet å gjennomføre ei undersøking og vedtok ei prosjektplan som grunnlag for bestilling av prosjektet, i sak KO-68/19 (i møte 27. november 2019). Vegamot AS er einaste bompengeselskap som Møre og Romsdal fylkeskommune har eigarinteresser i, og undersøkinga er avgrensa til dette selskapet.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak vedkomande undersøkinga:

Samrøystes vedtak i Kontrollutvalet - 27.11.2019 (KO-68/19)

1. *Kontrollutvalet sluttar seg til den framlagde prosjektplana for «Selskapsgjennomgang av Vegamot AS», og ber kontrollsjefen bestille prosjektet hos Møre og Romsdal Revisjon IKS i samsvar med prosjektplana, og slik det er gjort greie for i saksframlegget.*
2. *Kontrollsjefen får fullmakt til å gjere presiseringar og/eller mindre endringar i innhald og gjennomføring, etter nærare avklaring med leiar av utvalet, med melding tilbake til kontrollutvalet.*

Hensikta med selskapsgjennomgangen er å undersøke om intensjonen i bompengereforma om ei meir effektiv forvaltning av bompengane er oppfylt.

Gjennomføringa av selskapsgjennomgangen er utført av Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). Rapporten følgjer vedlagt. I revisor sin rapport er det innleiingsvis gitt ei oppsummering av undersøkinga (side 2). Konklusjonane og tilrådingane i form av på sidene 40-42. Vidare er det gitt høyringssvar til rapporten frå selskapet si leiinga Denne er tatt inn som vedlegg i rapporten (side 43-45).

- ***Vedlegg 2: Rapport frå selskapsgjennomgang i Vegamot AS – oppfølging av bompengeavtalen***

Vurdering

Nærare om hovudføremålet med selskapsgjennomgangen:

Vegamot AS er eit regionalt bompengeselskapa som er oppretta med grunnlag i Stortinget sitt vedtak om å samle bompengeselskap i 5 regionale selskap. Vedtaket har bakgrunn i at regjeringa i 2015 la fram melding om reformer i vegsektoren, derunder den såkalla bompengereforma. Hovudhensikta med reforma er å forenkle og effektivisere bompengeneinnkrevinga, samt å bygge og behalde regional kompetanse i drift av bompengeprojekt.

Gjennom Stortinget sitt vedtak har Vegamot AS fått ansvar for å administrere alle bompengeprojekt i Trøndelag og Møre og Romsdal, derunder innkreving av bompengar.

Møre og Romsdal fylkeskommune gikk inn som eigar i selskapet i 2016 gjennom ein emisjon, og eig 1/3-del av aksjane i selskapet. Trøndelag fylkeskommune eig dei øvrige aksjane i selskapet.

Selskapsgjennomgangen har derfor som hovudføremål å få undersøkt om intensjonen i bompengereforma om ei meir effektiv forvaltning av bompengane er oppfylt. I dette ligg særleg ei vurdering av kostnadsomfanget og bruken av midlar er nøktern og til bilistane sitt beste.

Kort om problemstillingane i selskapsgjennomgangen

Målet med bompengereforma er å få kostnadsutt i administrasjon og innkreving av bompengar. I dette ligg også ei forventning om nøktern og påhalden pengebruk samt at gjeldande lover og reglar blir etterlevd.

I brevet frå Samferdselsdepartementet av 25. oktober 2019 blir det særleg vist til omtale i media om fleire uheldige forhold avdekka hos andre bompengeselskap.

«Eg har merka meg funna i gjennomgangen av Fjellinjen og seinare tids medieomtale knytta til forhold hos Ferde. For Fjellinjen vart det valgt ein ekstern gjennomgang av selskapet. I lys av funna i denne eksterne gjennomgangen, og den siste tida si medieomtale av ulike forhold i andre selskap, vil eg oppmode Fylkeskommunene som eigarar om å gjennomføre slike eksterne gjennomganger med bompengeselskapa.»

Mediaomtale og rapportar frå andre selskapsgjennomganger har vore gjennomgått som grunnlag til utforming av problemstillingar. I samarbeid med revisjonen blei følgjande problemstillingar sett opp i prosjektplana som fokusområde i undersøkinga:

- *Oppfølging av anbefalingar etter førre selskapsgjennomgang (Kontrollutvalet har gjennomført ein selskapsgjennomgang i 2017 som blei behandla i fylkestinget 11.12.17 i sak T-58/17. Dette prosjektet hadde anna fokusområde, og funna/tilrådingane var av mindre omfang). Problemstillingar samt revisor sine funn og tilrådingar frå selskapsgjennomgangen i 2017 går fram av vedlegg 3)*
 - **Vedlegg 3: Revisor sine funn og tilrådingar i selskapsgjennomgangen i 2017**
- *Gjennomgang av reiserekningar for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019*
- *Gjennomgang kostnader til gaver og sosiale samlingar for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019*
- *Gjennomgang av anskaffingar > kr 100.000 for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019*
- *Kostnadsnivået i selskapet for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019 samanlikna med tidlegare år, derunder utvikling av konsulentbruk*
- *Rekrutteringar av tilsette og innleide i åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019*
- *Kartlegging av risikovurdering og eventuelle implementerte kontrollar knytt til behandlinga av personopplysningar*

Selskapsgjennomgangen - revisor sine konklusjoner og tilrådingar:

Kontrollsjefen har gjennomgått revisjonsrapporten. Revisor sitt hovudbodskap i rapporten er følgjande:

- *Revisor sine undersøkinge har ikke avdekket alvorlige mangler*
 - *Kostnadsgjennomgangen viser at selskapet har hatt en sterk økning i bruk av konsulenter, særlig innenfor økonomiområdet. Denne vil avta noe fremover. Revisor mener at selskapet vil være tjent med å redusere andel av innleie.*
 - *Selskapet er og har vært i en stor omstillingsfase og dette vil naturlig kreve større grad av rådgivere av ulik art til den nye organisasjonen er satt og utstedervirksomheten er avhendet i henhold til gjeldende forskrift.*
 - *Selskapet har hatt stor reisevirksomhet de siste årene. Reiseregningene oppfyller ikke detaljkravene i bokføringsforskriften i tilstrekkelig grad etter revisor sitt syn.*

I tabellen under har kontrollsjefen summert opp revisor sine observasjonar og tilrådingar i rapporten:

Problemstillingar i undersøkinga	Revisor sine funn / observasjonar	Revisor sine tilrådingar
<i>Oppfølging av anbefalingar etter førre selskapsgjennomgang</i> <i>(Rapporten side 11-13)</i>	Selskapet har svart ut tilrådingene i den førre selskapsgjennomgangen på en god måte	Ingen
<i>Gjennomgang av reiserekningar for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019</i> <i>(Rapporten side 14-18)</i>	Det er hyppig reisevirksomhet, enkelte ansatte har reist nærmest ukentlig i lengre perioder. Det er særlig 3 ansatte som har hyppige møter, særlig i Oslo og Bergen. De fleste reisene er dagsreiser. Det foreligger noen utenlandsreiser i perioden. Disse er knyttet til utviklingsprosjekter som omtales senere i rapporten. Kostnadsnivået på flyreiser synes på et generelt grunnlag å være høyt. Vi har forespurt om det foreligger reisepolicy for selskapet, eller avtaler om flyreiser og hotell. Det foreligger ikke.	Vi anbefaler selskapet å implementere rutiner som sikrer etterlevelse av formalkravene til reiseregninger iht. bokføringsforskriften Vi anbefaler selskapet å utarbeide en reisepolicy som angir hvilke bestemmelser som gjelder for ansatte som bestiller reisene sine selv Vi anbefaler selskapet å vurdere å inngå reiseavtaler med flyselskap og hotell for å kunne oppnå bedre priser for sine reiser
<i>Gjennomgang kostnader til gaver og sosiale samlingar for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019</i> <i>(Rapporten side 19-20)</i>	Vegamot har sosiale ordninger som gjelder alle ansatte	Ingen

Problemstillinger i undersøkinga	Revisor sine funn / observasjonar	Revisor sine tilrådingar
<p><i>Gjennomgang av anskaffingar > kr 100.000 for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019</i></p> <p><i>(Rapporten side 21-24)</i></p>	<p>Selskapet har hatt liten grad av driftsmidler. Bokført verdi av driftsmidler var i 2017 kr. 222 672.</p> <p>I forbindelse med utskillelsen av utstedervirksomheten i 2018 ble det foretatt vesentlige endringer i bokføringen og balanseføring av driftsmidler.</p> <p>Tilgangen vises i note til årsregnskapet i 2018</p> <p>Bombrikkene var tidligere bokført på bompengeprojektene, men det er Vegamot som har eiendomsretten og de ble derfor skilt ut fra prosjektene og aktivert som driftsmiddel (MNOK 18,5).</p> <p>Eiendomsretten til bomstasjonene er også overført til Vegamot AS fra Statens Vegvesen, og er reklassifisert fra prosjektene og aktivert i 2018 (MNOK 53).</p>	<p>Ingen</p>
<p><i>Kostnadsnivået i selskapet for åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019 samanlikna med tidlegare år, derunder utvikling av konsulentbruk</i></p> <p><i>(Rapporten side 25-30)</i></p>	<p>Selskapet har hatt en stor økning i bruk av konsulenter i perioden.</p> <p>For årene 2016 og 2017 var det tilnærmet ingen bruk, men deretter har veksten vært større i 2018 og ytterligere betydelig vekst i 2019</p> <p>Konsulentene er uavhengige av selskapet og det er gjennomført anbuds konkurranse for den største andelen av kostnadene som gjelder vikar økonomi og økonomiske tjenester.</p> <p>En andel av kostnadene er knyttet til rekruttering av økonomi og administrasjonssjef.</p> <p>Noen av kostnadene er relatert til utskilling av utstedervirksomheten og klargjøring for avhending av denne.</p>	<p>Vi anbefaler selskapet å vurdere ansettelse av ytterligere økonomipersonell i stedet for innleie av vikarer</p>

Problemstillingar i undersøkinga	Revisor sine funn / observasjonar	Revisor sine tilrådingar
<p><i>Rekrutteringar av tilsette og innleide i åra 2017, 2018 og 1. halvår 2019</i></p> <p><i>(Rapporten side 31-32)</i></p>	<p>Selskapet har i perioden 2017 til 2019 variert mellom 22 og 26 årsverk. Hovedvekten av antallet ansatte er knyttet til kundebehandling, eksempelvis 16 av 22 i 2018.</p> <p>Selskapet har rekruttert økonomi- og administrasjonssjef i 2019, etter lengre tids innleie. Dette vil resultere i fallende konsulentkostnader og noe økning av lønnskostnader.</p> <p>Det er kun lederstillinger som har blitt offentlig utlyst, andre stillinger er rekruttert gjennom tett dialog med NAV og deres tilgang på ledige kandidater.</p> <p>Det har vært betydelig innleie av ressurser på økonomiområdet det siste året. Selskapet kan vært tjent med å ansatte ressurser i større grad og redusere innleie.</p>	<p>Vi anbefaler selskapet å vurdere ansettelse av ytterligere økonomipersonell i stedet for innleie av vikarer</p>
<p><i>Kartlegging av risikovurdering og eventuelle implementerte kontrollar knytt til behandlinga av personopplysningar</i></p> <p><i>(Rapporten side 33-39)</i></p>	<p>Statens vegvesen ved seksjon for brukerfinansiering (BFIN) har vurdert om manuell bildegjenkjenning av registreringsnummer på kjøretøy (MIR) oppfyller personvernregelverket når bildegjenkjenningen gjennomføres utenfor EU/EØS (tredjeland)</p> <p>BFIN konkluderer med at risikovurderingene er noe knappe, men at det ikke er brudd på personopplysningssikkerheten som bør meldes til Datatilsynet.</p>	

Kontrollsjefen sin vurdering:

Samla sett meiner kontrollsjefen at revisor har svara ut dei aktuelle problemstillingane i prosjektet.

Kontrollsjefen registrerer revisor sitt hovudbodskap om at det ikkje er avdekka alvorlege manglar, men at

- Det har vore sterk auke i konsulentbruk, særleg innan økonomiområdet og at
- Reiseomfanget har vore høgt

Kontrollsjefen observerer også leiinga i Vegamot sitt høyringssvar gjer greie for begge forholda på tilfredsstillande vis (sjå side 43-45 i revisor sin rapport).

Kontrollsjefen har i tillegg vurdert kostnadsbruken og effektiviteten i selskapet noko nærare. Dette er gjort både ved:

- Gjennomgang av offisielle årsrekneskap for både Vegamot AS og dei andre regionale bomselskapa
- Gjennomgang av rapport frå SVV «Bompengeinnkreving i 2018»
- Vegamot AS sin rapportering til Samferdselsdepartementet 13. september 2019

Nokre sentrale nøkkeltal for Vegamot er summert i tabellen under:

Vegamot AS (org.nr 935 162 718)	2019 - 1. halvår	2018	2017	2016
Driftsinntekt	556 144 000	1 138 083 000	953 981 000	950 840 000
Lønskostnader	4 876 000	13 098 000	13 346 000	13 664 000
Tap på fordringer	2 022 000	19 431 000	11 474 000	7 412 000
Andre driftskostnader	25 253 000	38 156 000	40 123 000	49 572 000
Driftskostnad	32 151 000	70 685 000	64 943 000	70 648 000
Tal passeringar	51 205 446	102 582 600	102 868 305	106 680 832
Tap på krav i % av passeringsinntekter	0,4 %	1,7 %	1,2 %	0,8 %
Lønnskostnader i % av passeringsinntekt	0,88 %	1,15 %	1,40 %	1,44 %
Andre driftskostnader i % av passeringsinntekt	4,54 %	3,35 %	4,21 %	5,21 %
Driftskostnad pr passering - i kr	0,628	0,689	0,631	0,662
Driftskostnad i % av passeringsinntekt	5,78 %	6,21 %	6,81 %	7,43 %

Som andel av passeringsinntektene utgjorde gjennomsnittlege driftskostnader i prosent av passeringsinntekter for bomselskapa i Norge ca 7,1 prosent i 2018. I Vegamot utgjorde denne i 2018 ca 6,21 prosent - og den har vore fallande dei seinare åra.

Driftskostnader pr passering er for Vegamot omkring 65 øre (68,9 øre i 2018). I kontrollsjefen sin samanlikning med andre bompengeselskap, synes ikkje Vegamot å kome særleg negativt ut når det gjeld effektiv drift.

Kontrollsjefen meiner derfor revisor sitt hovudbodskap om at undersøkinga ikkje har avdekket alvorlege manglar, men at revisor sine tilrådingar er hensiktsmessige tips/innspeil til styret sitt vidare arbeid.

Oppsummering:

Kontrollsjefen meiner rapporten ikkje har avdekka forhold av særleg betydning. Kontrollsjefen rår med grunnlag i dette kontrollutvalet til å treffe følgjande vedtak:

Forslag til vedtak:

1. Fylkestinget tar rapporten frå «Selskapsgjennomgang i Vegamot AS – oppfølging av bompengavtalen», til etterretning.
2. Fylkestinget ber Møre og Romsdal fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til å be styret sørge for å utarbeide ei handlingsplan som viser kva tiltak som skal bli sett i verk for å følgje opp konklusjonane og tilrådingane i rapporten «Selskapsgjennomgang i Vegamot AS – oppfølging av bompengavtalen».

Tor Harald Hustad
kontrollsjef

Vedlegg

- 1 Brev frå Samferdselsdepartementet av 25.10.19
- 2 Rapport frå selskapsgjennomgang i Vegamot AS
- 3 Revisor sine funn og tilrådingar i selskapsgjennomgangen i 2017